



Lars Alvær Hagesæter

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/18127 - 20/71583

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:

11.11.2020

Dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg - 132/30 - Soltveitvegen

Tiltak: Dispensasjon frå byggegrense mot veg
Byggestad: Soltveitvegen
Tiltakshavar: Lars Alvær Hagesæter
Ansvarleg søkar: Kålås Bygg AS

Saka gjeld søknad dispensasjon frå byggegrense mot veg i samband med oppføring av ny einebustad gbnr 132/30 i enden av Soltveitvegen.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det skal setjast opp ny bustad på tomta. Det er informert om i saka at den nye bustaden vil ligge omtrent 11m frå senter veg. Avstandskravet er i følgje lovverket 15m frå senter kommunal veg.

Vurdering/drøfting:

Tomta er etablert i terreng som ligg omtrent 3m høgare enn den kommunale vegen. Slik bustadden er tenkt etablert vil den ikkje vere til hinder for drift og vedlikehald av vegen og sideområdet. Det er gitt løyve til oppgradering av avkøyrsla der kravet til sikt og utforming er teken omsyn til. Vegen og vegen sitt sideområde, utover oppgradering av avkøyrsla, vert ikkje endra i samband med tiltaket.

Samandrag/konklusjon:

Tiltaket vil ikkje vere i konflikt med drift og vedlikehald av Soltveitvegen og det er ingen vesentlege hinder for å godkjenne ein dispensasjon frå avstandskravet.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

00

post@alver.kommune.no

www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Vedtak:

kommune gjev dispensasjon frå avstandskravet til kommunalveg med heimel i veglova §29, for etablering ny bustad

Dispensasjon er gitt med fylgjande vilkår:

- Føreset løyve frå byggesak om etablering av bustad på eigedom 132/30.
- Bustaden skal plasserast i samsvar med innsendte teikningar der avstand er sett til omtrent 11m frå senter veg.
- Ansvar for sikring topp skjæring vil ligge på eigar av gbnr 132/30.
- Alver kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som vert plassert innanfor byggegrense mot veg. Dersom det under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg oppstår skader på tiltaket, er dette kommunen uvedkommande. Eigar av tiltaket skal sjølv sørge for og påkoste utbetring av eventuelle skader.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11.

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstaning, må høve til klage på vedtaket vert nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lars Alvær Hagesæter